Fra: Marte - <mart_haugsbakk@hotmail.com>
Sendt: mandag 28. september 2026 21:56
Til: Leif Jarle Espedal <Leif.Jarle.Espedal@fjaler.kommune.no>; Ola Hovland <Ola.Hovland@fjaler.kommune.no>
Emne: Skriftlege spørsmål til styringsgruppemøte 01.10.2026

Skriftlege spørsmål til styringsgruppemøte 01.10.2026:

1) Det har gjennom folkemøta vore knytt store spørsmål til økonomien i rapporten. Kommunedirektøren sa i siste folkemøtet (Guddal) at ein ny budsjettmodell var utarbeidd og nye tal var på plass. Ber om at desse vert presentert i møtet, og kva konsekvensar ei slik endring i høyringsfasen har for vidare prosess.
Legg også til grunn at tilskotet for nærskule er lagt inn i reknestykket.

2) Det er 9 dagar frå høyringsfristen går ut til saka skal sendast ut til Formannskapet. Ser ein føre seg at dette er tilstrekkeleg med tid til å gje grundige vurderingar og utgreiingar på eventuelle innspel?

3) Kor mange lærarstillingar legg ein til grunn at ein vil spare ved å legge ned Flekke skule, og eventuelt også Våge ungdomstrinn?

4) Mandat og politisk vedtak

I vedtaket vart det lagt til at følgande skulle utgreiiast:

- Konsekvensar for barnehage i Flekke om skulen vert lagt ned skal vere ein del av rapport
- Mandatet for utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjonar på Dingemoen
- Teknisk tilstandardsrapport av bygningsmassen, klassedelingstal

Korleis vurderer kommunedirektøren at dette er utgreitt og svart ut?

5) Kva er vidare prosess for å lage ein plan for ivaretaking av tilsette og elevar ved begge skular, førskulebarn, foreldre, skuleskyss, etc.. Kven vil utarbeide denne planen?

6) Jamfør forvaltingslova § 17 fyste ledd skal forvaltingsorganet «påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Når saka gjeld ein mindreårig part stiller lova og alminnelige rettsprinsipp strenge krav til korleis denne plikta skal oppfyllast.

Er dette gjennomført i forbindelse med utgreiinga?
Korleis er barnas beste vurdert i saka?

7) Kortid vert dei nye kostra-tala publisert?

I tillegg ser eg at møtet ikkje er publisert på møtekalendaren til kommunen.

Marte Haugsbakk
Fjaler Venstre